



Referat

Forvaltningssamling 2014 - Utvalde kulturlandskap i jordbruket

Dato: 23.april 2014

Stad: Miljødirektoratet, Trondheim

Deltakarar: sjå vedlegg

Velkomst og oppstart

Knut Fossum, seksjonsleiar for Naturarvseksjonen, ønskte alle deltakarane frå fylka og områda og representantane frå Landbruks- og matdepartementet velkomen til Miljødirektoratet. Dei tre direktorata som samarbeider om *Utvalde kulturlandskap i jordbruket* ser denne samlinga som viktig, både ved at sentraladministrasjonen møter regionleddet, og forvaltarar knytt til dei ulike områda møter kvarandre og utvekslar erfaringar regionalt.

Deltakarane fekk ein kort presentasjon av Miljødirektoratet slik det no er organisert frå 1.mars 2014.

Vellykka satsing så langt – kva gjer vi no? Resultat og oppfølging av evalueringa

Innleiing v/sekretariatet

Ragnhild Hoel (RA) orienterte om hovudkonklusjonane frå evalueringa og tilhøyrande tilråding frå dei tre direktorata til departementa. Hovudresultatet er at alle aktørar er nøgde med forvaltninga av ordninga, noko kan betrast, men ein rår til at ordninga blir ført vidare. (Sjå pdf-presentasjon på UKL-nettsida).

Kommentar til sekretariatets rapport v/Arne Farup, FMLA Nordland.

- Samd i at ein bør vurdere å gjere administrasjonen enklare, men usikker på kva det skal innebere
- God forvaltningsmodell, og særleg *dialogbasert* forvaltningsmodell er viktig
- Øyremerka midlar er drivkrafta i arbeidet
- Planer er også viktig vidare undervegs i arbeidet, ikkje berre i starten
- Forenkla årsrapportering støttast, ikkje lag nasjonale rapporteringssystem som gjer at fleksibiliteten blir ramma
- Skjerm gardbrukarane for tungvint rapportering, fokus på at dei skal bruke tida si på praktiske tiltak
- 10-årige avtalar, eller som i Nordland; «inntil avtalen sies opp»
- Tilskotsnivået bør oppretthaldast: må vere stabilt over tid, og diskutere satsar med dei som driv slik at det blir akseptabelt over tid.
- Bygningar – samfinansiering viktig.



- Ingen fleire område før meir pengar i potten.
- Positiv til miljøovervaking men innhaldet må definerast nærare. Ønskjer dialog på korleis dette kan gjerast. Miljøeffekt bør ikkje målast ut frå «medisineringa», men etter om «pasienten» har vorte betre?

Diskusjon - tema og innspel i plenum:

- Forvaltningssamordning med verneområde – viktig og positivt
- Erfaringar frå søkeprosessar i Hedmark, der området også er landskapsvernområde: Utvalde-områda har ein søknadsfrist, FM hjelper grunneigarane med å sile de sakene som bør til nasjonalparkstyret. NP-styret får UKL-skjøtselsplan til orientering
- Noen område har langsiktige avtaler, andre meiner det er mest hensiktsmessig med søknadsomgang ein gang i året.
- Rapportering: forenkling viktig, definer på førehand kva som skal rapporterast, og avgrens til berre strengt *nødvendig* dokumentasjon
- Økonomi og fordeling av midlar vidare i driftsfase; i enkelte fylke ønsker andre område å kome med i ordninga. FM opplever det som eit dilemma at slike område (gjerne med tilsvarande verdiar) kan kome i bakleksa/skuggen i forhold til dei som er innanfor UKL-arbeidet.
- Overvaking av biologiske verdiar - eksempel frå Rennesøy (RO); kommunen har sett i gang evaluering, oppdatering av naturtypetemaet og revisjon av skjøtselsplaner – direkte kopla til gardbrukaren for formidling. Vurdering av skjøtselsplaner etter få år er viktig, brukarane set pris på dette, god plattform for rådgjeving.
- Frivillighet; Deltaking i Utvalde kulturlandskap er frivillig. Ei anna form for frivillighet gjeld nokre av områda, med nedlagte bruk, og der mykje av drifta vert gjort i ferie og fritid. Her kan det vere bruk for auka frivillig innsats – har ein tankar om korleis dette skal utviklast? Svaret frå sekretariatet er at ein ikkje har lagt sentrale føringar på dette. Svært mange aktørar, også lag og foreiningar, er involvert og mottek tilskot frå ordninga.

Nytt frå sekretariatet

Årsrapport, administrative rutinar og signal frå departementa

Kari Stuberg (SLF) presenterte utvalde samanstillingar frå årsrapport, orienterte om administrative rutinar framover og signal frå departementa etter årets rapportering og halvårsmøte med sekretariatet.

LMD/KLD er godt nøgd med 2013-rapporten. Får svar på tema som dei etterspør. Dei ser det som uheldig at store summar er bunde opp, men ikkje utbetalt. Ein må rette seg etter arbeidsfristar. Nødvendig å stramme opp der det er mykje udisponerte midlar og utgåtte arbeidsfristar. FMLA skal gå igjennom registreringer i fagsystemet jamleg, minst to gonger i året, kontrollere at utbetalingar er registrert korrekt.

Budsjett 2015: Udisponerte midlar hos FM kan bli trekte tilbake og fordelt på nytt sentralt. Fylke som ikkje følgjer opp utgåtte arbeidsfristar kan få ei mindre tildeling.

Det vart og orientert kort om planar hjå sekretariatet for kommunikasjon og kommunikasjonsformer framover (nyhendebrev, nettside) Sjå eigen ppt-presentasjon på nettsida.

Diskusjon - tema og innspel i plenum

Rapporteringssystem:

- Saturn er dårleg tilrettelagt når ein har fleire område, alle områda blir slege saman, og mykje manuelt arbeid for å skilje i samband med rapportering. (Kan berre skiljast på kommunenummer.)
- Enkelte fylke (Buskerud) brukar Agresso gjennom året i samband med slike prosjektmidlar, og overfører til Saturn ved slutten av året.

Arbeidsfordeling og deltaking:

- Enkelte fylke opplever at det med knappe ressursar kan det vere vanskeleg å få FMVA og FK med.
- Frå fleire fylke blir det peika på at det er viktig at embetsoppdrag/signal om prioriteringar er tydelege (gjeld både FMVA og FK).
- Andre fylke opplever arbeidsfordeling og deltaking som god, ved at ein i fellesskap i arbeidsgruppa spesifiserer konkrete oppgåver og delegerer desse.
- Det daglege samarbeidet på fylkesnivået er viktig. T.d. Har FMLA Nordland møtepunkt med dei som jobbar med utvalde naturtypar – skjøtselsplaner og kartlegging (bestillingar som gjeld UKL går inn dit). Andre treffpunkt/møtepunkt og orienteringsforum for UKL-arbeidet; Landbruksforum Nordland (næringa, faglaga, kulturminnesida osv), Kulturminneforum Nordland
- Fleire fylke opplever å ha etablert ei arbeidsform der alle SKAL VERE med på alle møte og synfaringar. Godt samarbeid og arbeidsfordeling, låg terskel for å samhandle og der alle deltek like mykje.

NÆRINGSUTVIKLING OG VERDISKAPING

Jostein Løvdal og Bente Rønning innleidde på temaet med bakgrunn i erfaringar og problemstillingar frå tidlegare verdiskapingsprogram i regi av RA og Miljødirektoratet.

Noen hovudpunkt frå innleiinga:

- Det kan vere ein styrke med fleire finansieringspartnarar. Pengar på tvers kan løyse ut synergi og kompetanse på tvers.
- Begge programma har nytta eit breitt verdiskapingsomgrep, som famnar både kulturell, miljømessig, sosial og økonomisk verdiskaping.
- Resultatmåling kan ha mange parametarar; kor mange dugnadstimer, kor mange produkt, tal på gjennomførte arrangement, kor mange skulebesøk mv.
- Vellykka eksempel frå Valdres (støling), Gudbrandsdalen (gardshotell), Lista (sti) og Finnmark (tilrettelegging for fugleturister) blei kort gjennomgått.
- Næringsutviklinga må vere bedrifts-/eigardrive. Forvaltninga si rolle er å leggje til rette, m.a. ved å lage arenaer for samhandling, guide i tilskotsjungel mv.
- Regionalt nivå (FM, FK) har nøkkelposisjon, m.a. på grunn av god oversikt over regional aktivitet og aktuelle ordningar. FK har ansvar både for regional utvikling og kulturminneforvaltning.
- Felles strategi for eit område er viktig; invitere grunneigarar til diskusjon om kvar mulighetene ligg, kva ein dreg vekslar på, om det ligg noe i kommunale planar ein kan henge seg på.

Pål Morten Skollerud , Buskerud, fortalde om næringsutvikling på Steinsletta. Av i alt 54 gardsbruk har to satsa på ny næringsutvikling og har lukkast godt. Dei andre bruka satsar først og fremst på meir

volumorientert landbruksproduksjon. Ivaretaking og tilrettelegging for «det vanlege» landbruket er òg næringsutvikling og verdiskaping. Det er det private initiativet som ligg bak næringsutviklinga på de to bruka, UKL- og SMIL-midlar har støtta initiativ som var i gang.

Hilde Marianne Lien, Vestfold, fortalde om næringsutvikling i Vestfoldskjærgården; Bjerkø og Søndre Årø. Desse ligg innafor Færder nasjonalpark, og det er lagt opp til at det jordbruksrelaterte kulturlandskapet skal vere ein del av nasjonalparken. Desse gardane har omfattande verksemd retta mot eit stort publikum - ca 80 000 menneske på fastlandet og sommerturistar.

Hovudpunkt frå innspel/kommentarar etter innleiingane:

- Spørsmål om det er planar om å vidareføre verdiskapingsprogramma. Svar: Førrige regjering starta arbeid med ein felles strategi for verdiskaping basert på kultur- og naturarv som involverer åtte departement. Sundtoft har sagt at initiativet skal verte vidareført og setjast ut i livet. RA har 8 millionar til verdiskaping som ein samarbeider med FK om.
- Engan-Ørnes (Nordland) er i gang med restaurering av eit skulehus som er tenkt brukt til samlingsstad og ulike møte og aktivitetar i bygda. Kan ha potensiale for utvikling av næring, men foreløpig uvisst.
- Leka (Nord-Trøndelag) har kopla seg til eit reiselivsprogram for Helgeland og kan evt. få UKL-midlar til tiltak i kjølvatnet av dette.
- Frå Oslo/Akershus og Hedmark blei det peika på at ivaretaking av volumorienterte produksjonar òg må ha ein plass innanfor UKL. I Hedmark vert det stimulert til seterdrift med mjølkeproduksjon som del av volumorientert produksjon.
- Kystlynghei på Helgeland kan gi grunnlag for kjøttproduksjon med spesielle kvalitetar som kan ha potensial i næringsutvikling.
- På Tarva (Sør-Trøndelag) er det gitt UKL-midlar til bygging av større sauefjøs, for å auke produksjonen og gi grunnlag for fortsatt drift. Dette må falle innanfor definisjonen av næringsutvikling
- Oslo/Akershus minte om det biologiske mangfaldet i landbruket. Norske og stadeigne rasar/sortar bør verte valt framfor importerte.
- Rogaland peikte på at UKL kan vere vern gjennom drift. Dette må verte definert og tilpassa på gardsnivå.
- Buskerud: I noen område vil potensialet vere vanleg drift. Men UKL kan gi tilleggdimensjon i form av kulturell, sosial og miljømessig verdiskaping.

MÅL OG RAPPORTERING

Dordi Kjersti Mogstad, Miljødirektoratet, innleidde om mål og rapportering. Hovudpunkt frå innleiinga:

- Rapportering må vere på reelle resultat, ikkje rapportering for rapporteringa si eiga skuld
- Den økonomiske rapporteringa har langt på veg funne si form
- Den faglige rapporteringa er inndelt i fire kategoriar.
- Indikatorar kan vere direkte og indirekte
- Mål-tiltak-resultatmåling. Viktig å finne flest muleg reelle parametar lengst til høgre.
- Ein bør gjere ein jobb på målformuleringar ved revidering av forvaltningsplan.
- Sekretariatet ønsker noen overordna mål på nasjonalt nivå som kan verte aggregert, og mål som er spesifikke for kvart område.

Innspel og kommentarar:

- Det er overkomeleg å fylle ut rapporteringsskjemaet. Det er ein fordel at skjemaet ikkje vert endra frå år til år. Då kan ein bruke svaret frå fjoråret utgangspunkt.
- Nokre spørsmål treng ein ikkje å svare på kvart år, t.d. spørsmål om organisering
- Kvantitative spørsmål (resultater) har også sin plass.
- Kva som er viktig varierer mellom områda. Lokal evaluering i forhold til skjøtselsplaner
- Vurdare oppdeling av rapporteringa i ein enklare årleg rapportering og ein meir kvalitativ vurdering kvart 3-4 år som vert rullert mellom områda.
- Kartlegging av kulturlandskap med intervall på nokre år gir mye informasjon, men er kostbart.
- Sekretariatet må definere måla for Utvalgte kulturlandskap klarare
- Vurdere å få til nasjonal overvaking etter mønster av 3Q
- På Tarva vert det delt ut enkle skjema til gardbrukaren kvart år, med spørsmål i samsvar med måla for området. Resultatrapportering bør vere ut frå eit program for overvaking.
- Det kan vere aktuelt å kople SNO inn i resultatrapportering/overvaking. SNO har også overvaking av bevaringsmål som kan være modell for overvaking i UKL
- Resultatrapporteringa t.d. på areal med visse kulturmarkstyper må omfatte typar som finnast i mange område.
- I Rogaland må tilskot vere pr. dekar. Rapportering på t.d. trua arter kan ikkje vere årleg.
- Både gjennomføring og rapportering må rette seg mot kvalitet i tiltaka. Det er kvaliteten som er viktig
- Estil (RMP), med kopling til kartdata, gir svært god informasjon. Kan denne plattformen verte nytta også i UKL?
- Forvaltningsplanane er viktige som utgangspunkt for rapporteringa. Viktig å få meir spesifikke mål i forvaltningsplanane.
- Rapporteringsparametrane må kunne vise endringar frå år til år.
- Vanskeleg å rapportere på opplevingsverdi som er knytta til områda
- Dei gode historiene er viktig. Ein «gladsak» frå kvart område pr. år kan være eit element i rapporteringa.

SKILTING, BRUK AV GRAFISK PROFIL, PROFILERING

Hege Husby Talsnes frå Miljødirektoratet innleidde. Ho viste fram logo i ulike format, skiltmalar og profiler for kvart av områda som er lagt ut i profilbanken på Miljødirektoratets heimeside [her](#)

Miljøirektoratet har henta inn pristilbod frå Form til fjells på skilt til kr 34 000 pr stk. Skilt kan også bestillast fritt frå andre firma, gjerne lokale.

Det er viktig å ha ein klar avsendar på eit skilt, men info frå andre avsendarar kan vere ein del av skiltet.

Kan UKL-logoen nyttast i marknadsføring, t.d. på produktetikettar? Dette er det i utgangspunktet ikkje avgrensing på, men det er eit policy-spørsmål for sekretariatet. Det kan gi fordelar i næringsutviklingssamanheng å bruke logoen på denne måten.

Skilting er ei utfordring i område med fleire statusar. Det kan bli mange skilt og fare for at dei «druknar» kvarandre. Ei løysing kan vere å samordne skilting frå fleire avsendarar i eitt skilt. Uansett bør instansar som har ansvar for skilting drøfte lokalt/regionalt korleis ein løyser utfordringane.

Karoline Finstad Vold, FM Hedmark, heldt eit innlegg om utfordringane med skilting i Vangrøftdalen/Kjurrudalen som er eit område med fleire statusar og mye skilting. Ho fortalde også om initiativ som var tatt for samordning av skiltbruken i området.